

Årsmøte i Årdal hjort – og elgutval 17.06.2015 kl. 19:00

Årdal rådhus, Årdalstangen

Ca. 20 valdansvarlege og grunneigarar møtte. Viltforvaltar Knut Fredrik Øi møtte frå Årdal kommune.

1. Innkallinga vart godkjent
2. Vidar Moen vart vald til ordstyrar, og Ole Bjarne Hovland og Rune Hovland skriv under møteboka.
3. Vidar orienterte om hjorteutvalet, bestandsplanområda (driftsplanområda) og vedtektene for hjorteutvalet.
4. Årsrapporten for 2014 vart gjennomgått, med illustrasjon av fellingsstatistikk og fellingsdata for dei ulike driftsplanområda. Statistikken viser en reduksjon i felling av produksjonsdyr etter 2011. Dette er mest grunna den godkjente forvaltningsplanen med styrt tildeling av løyver på dei ulike dyregrupper. Fellingsprosenten varierer noko mellom driftsplanområda, totalt er det felt 255 færre dyr dei siste 5 åra enn tildelte løyver.
5. Årsmøtesaker
 - a. Innkome saker - det var komne inn fleire innspel til framlegget til etablering av bestandsplanområde for Årdal kommune – både om prosessen, framlegg til vedtekter og framlegg til bestandsplan
 - b. Økonomi – Hjorteutvalet har kr. 19.394,91 på bankkonto i Indre Sogn Sparebank
 - c. Bestandsplan – Vidar orienterte om at styret i Hjorteutvalet 16.06.2015 hadde vedteke å trekke søknaden om godkjenning av Årdal bestandsplanområde. Bakgrunnen for dette var at det dei siste vekene var komne inn mange reaksjonar på prosessen på utarbeidinga av planen, og mange forslag til endring både av framlegg til vedtekter og bestandsplan. Dette gjaldt særleg opplegget for flytting av løyver mellom vald, minsteareal og målsetjingar i planen. Representasjon frå driftsplanområda og stemmereglar i styre og årsmøte var og kommentert. Styret i Hjorteutvalet vedtok ei målsetjing om å arbeide fram eit nytt framlegg til vedtekter og bestandsplan innan 15.02.2016. Det vert då kalla inn til konstituerande årsmøte for Årdal bestandsplanområde. Ein arbeidsplan for styret i Hjorteutvalet var og vedteken med fastsette arbeidsmøter.

Møtelyden drøfta ulike sider av innhaldet i vedtekter og bestandsplan for kommunen. Det kom fram mange gode innspel til det vidare arbeidet. Ein var og einig om at det bør kallast inn til møte (desember og januar) med alle valdansvarlege/grunneigarar i løpet av prosessen for å sikre at styret får med seg flest mogeleg vald i det nye bestandsplanområdet. Nokre av innspela frå diskusjonen:

 - i. Flytting av løyver mellom vald må regulerast
 - ii. Målsetjinga om auke i bestanden er ikkje opplagt – ein opplever sterk auke i bestanden i deler av kommunen

- iii. Bør styret disponere nokre løyve for tildeling etter eige regelverk i slutten av jaktperioden?
 - iv. Differensiert minsteareal kan og være ein måte å regulere bestanden på i ulike delar av kommunen
 - v. Bør styret veljast uavhengig av driftsplanområda?
 - vi. Eit nytt bestandsplanområde må og ta ansvar for elg og rådyr bestand i kommunen
- d. Val – det sitjande styret i Hjorteutvalet held fram til 15.02.2016. På konstituerande årsmøte vert det val på nytt styre i Årdal bestandsplanområde iht. nye vedtekter.

6. Eventuelt

Fleire av dei frammøtte meinte det burde opnast for rådyrjakt i kommunen. Knut Fredrik skisserte prosessen for å kome fram til eit eventuelt vetak om å opne for slik jakt.

Knut Fredrik orienterte og om at hjorteløyver for 2015 vert å tildele etter gjeldande forvaltningsplan. Vidar orienterte om at Hydro vil finansiere innsamling av kjevar i 2015 og 2016. Dette for å kartlegge fluorsituasjonen hjå dyra. Dette vil også kunne gje verdfull informasjon om korleis hjort og elg vandrar innanfor kommunen og nabokommunane.

Knut Fredrik hadde med hjortekjevar og orienterte om aldersbestemming.

Møtet slutt 22:30

Ole Bjarne Hovland

Rune Hovland